



Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for areal og samferdsel	02.09.2026

Søknad om mindre reguleringsendring - Detaljregulering for Fv. 541 Sakseid - Hestaneset - PlanID 201406-e6

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bømlo kommune godkjenner endring av detaljreguleringsplan for Fv. 541 Sakseid – Hestaneset – PlanID 201406 – e6 i medhald av plan – og bygningslova §12-14.

Reguleringsendringa er gjennomført etter forenkla prosess jf. plan- og bygningslova §12-14, andre og tredje ledd.

Samandrag av saka:


Norconsult har på vegne av Vestland fylkeskommune søkt om ei mindre reguleringsendring for detaljreguleringsplan for fv. 541 Sakseid-Hestaneset. Endringa inneber å flytte ein regulert kulvert om lag 30 meter mot sørvest og tilpasse tilhøyrande landbruksveg (SKV15).

Endringa er vurdert å gi ei betre løysing for grunneigar og vegutforming, utan vesentlege konsekvensar for landskap, landbruk, naturmiljø eller tryggleik. Nærliggjande naturverdiar, mellom anna edellauvskog og regnskog, blir ikkje påverka utover det som allereie følgjer av gjeldande reguleringsplan.

Kommunedirektøren tilrår difor at reguleringsendringa blir godkjend.

Bakgrunn for saka:


Norconsult har på vegne av Vestland fylkeskommune søkt om ein mindre reguleringsendring for detaljregulering for fv. 541 Sakseid – Hestaneset. Endringa går ut på å flytte plassering av ein kulvert for regulert køyreveg SKV 15 i plankart, som er ein landbruksveg på Sakseid, ca. 1 km nord for Finnås. Kulverten vil vere del av ein landbruksveg, samt tilkomstveg til eit naust. Kulverten er ønska flytta for å optimalisera plasseringa, for å betre ivareta grunneigars interesser og natur på staden.



Figur 1: Oversiktskart frå Sakseid der dagens regulerte kulvert er merka.

Gjennomgang av reguleringsendringa:

Endringa innebære at plassering av regulert kulvert under ny trase for fv. 541 vert flytta 30 meter mot sørvest og at regulert køyreveg SKV 15 tilpassast den nye plasseringa. Justeringa innebære at ein ikkje lenger vil vise ein køyrevegtrase fram til naust som ligger nord for kulverten, men den nye vegtraseen er no tilpassa ønska ny trase for landbruksveg på nordsida av fylkesvegen, som vil gå fram til naustet.



Figur 2: Kartutsnitt til venstre syner gjeldande reguleringsplan, mens kartutsnitt til høgre viser ny plassering, ca. 30 meter sørvest for dagens plassering, vist med svarstipla linje i figur til høgre.

Norconsult skriv i sitt notat at endringa ikkje vil påverke landskap, landbruk eller naturmiljø i nemneverdig grad, utover det som allereie stadfesta i gjeldande reguleringsplan. Det gjelder også for to nærliggande naturtypar av særleg verdi, edellauvskog, ca. 5 meter frå kulvert og regnskog, ca. 30 meter frå kulverten. Endringa er heller ikkje vurdert til å innebære endringar på premissa for tryggleik eller miljø.

Det skal berre gjerast endringar i plankart, det er ikkje behov for endringar i føresegner og planomtale, sjølv om tekst i begge dokument kan oppdaterast med den nye plasseringa av kulverten. For meir informasjon, sjå vedlagt notat, vedlegg 03.



Figur 3: Utsnitt frå miljødirektoratet sin miljøbase, der lokalitet for edellauvskog er vist i gult og regnskog er vist med oransje. plassering av kulvert vil liggje mellom lokalitetane.

Gjennomgang av høyringsmerknadar

Reguleringsendringa etter forenkla prosess er varsla til relevante overordna myndigheiter i perioden 15.01.2026 til 12.02.2026. Det er kome inn to innspel til endringa som er samanstillt med kommunedirektørens svar under:

Uttale frå Statsforvaltaren i vestland – 12.02.2026

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknadar til endringa, men minner om at endringar som råkar viktige natur- og friluftsområde ikkje kan gjennomførast som ein forenkla prosess.

Kommunedirektørens kommentar: Kommunedirektøren er eining i premiss for når forenkla prosess kan nyttast. Tiltaket er difor vurdert spesifikt opp mot høve, der ein finn at endringa ikkje har direkte påverknad på dei aktuelle naturlokalitetane ut over påverknaden reguleringsplanen allereie har.

Uttale frå NVE (Noregs vassdrags- og energidirektorat) – 09.02.2026

Har ingen merknadar til endringa. Minner om at det er kommunen sitt ansvar at det tas naudsynt omsyn til flaum og skredfare.

Kommunedirektørens kommentar: Forslagsstillar har vurdert tiltaket med tanke på tryggleik og oppgjer at endringa ikkje vil ha nemneverdige konsekvensar.

Kommunedirektøren støtter seg på at denne vurderinga stemmer.

Kommunedirektøren si vurdering:

Vurderinga er todelt. Kommunedirektøren vil først vurdera om endringa kan gjennomførast etter forenkla prosess, altså om det er ein mindre reguleringsendring. Deretter vil ein vurdere sjølve endringa og om endringa bør tilråast.

Kan endringa gjennomførast som ein mindre reguleringsendring

[Plan og bygningslova §12-14](#) opnar opp for et endringar av reguleringsplanar kan handsamast etter eigne forenkla saksbehandlingsreglar dersom visse vilkår er oppfylt. Dei forenkla reglane innebere at endringa kan godkjennast etter ein innleiande varslingsrunde. Ein hoppar med andre ord over førstegangsbehandling med påfølgande offentlig ettersyn jf. ordinær prosess. Under er det vurdert om det er tilfellet i dette høve.

Ein føresetnad er at reguleringsplan i liten grad vert påverka med tanke på gjennomføring og hovudrammer for planen. Kommunedirektøren meiner føresetnaden er oppfylt, tiltaket innebere ikkje implementering av nye arealføremål eller premiss for gjennomføring. Det er berre snakk om flytting av eksisterande arealføremål og funksjonar, som ikkje kompliserer eigedomstilhøve eller realisering av funksjonane.

Vidare er det ein føresetnad at endringa ikkje krev ein breiare medverknad jf. ordinær reguleringsprosess. I dette høve er det ingen naboar eller andre interessentar som er råka av endringa. Gitt sakas enkle natur vurderast det som tilstrekkeleg at endringa varslast til overordna mynde. Samtidig er det utarbeida eit notat med tilstrekkeleg informasjon om endringa som vart vedlagt varslinga. Kunnskapsgrunnlaget vurderast difor som tilstrekkeleg for at overordna mynde skal ta stilling til endringa gjennom varselet, utan behov for påfølgande høyring.

Den siste føresetnaden er at tiltaket ikkje råka omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Som Statsforvaltaren påpeiker ligger kulverten i nærleiken til to viktige naturlokaliteter. Kommunedirektørens sin vurdering er at tiltaket likevel ikkje råkar naturlokalitetane ut over det som allereie er tilfellet for reguleringsplanen elles. Realisering av reguleringsplan vil i så måte forringe lokalitetane vesentleg, men plassering av kulvert vil ikkje påverke høve.

Gitt denne vurderinga kan kommunedirektøren konkludere med at endringa kan gjennomførast etter forenkla saksbehandlingsreglar jf. plan- og bygningslova §12-14.

Vurdering av foreslått reguleringsendring

Kommunedirektøren si vurdering følger i hovudsak Norconsult sine vurderingar gjort i vedlagt notat, vedlegg 03. Flytting av kulverten ser ut til å gje ein betre arrondering for regulert køyreveg SKV15, som skal fungere som ein landbruksveg for grunneigar. Tiltaket inneber ein reduksjon og opprydding i regulert vegareal, som gir ein meir straumlinjeforma vegutforming som heng saman med allereie godkjent vegtrase for landbruksveg ut vidare nord for planområdet.

Samtidig ser ikkje løysinga ut til å ha negative konsekvensar for omkringliggande forhold som naturtilhøve og tryggleik. Endringa kan derimot gi nokon betre forutsetningar for naturomsyn og behov for terrenginngrep.

Gitt vurderinga over tilrår kommunedirektøren at endringa godkjennast slik den no ligg føre jf. plan- og bygningslova §12-14.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Endringa har ingen økonomiske konsekvensar for kommunen, men kan vere kostnadsreducerande for opparbeiding av ny trase for fv. 541 med tilhøyrande anlegg.

Miljømessige konsekvensar:

Endringa kan ha mindre positive konsekvensar for nærliggande naturmiljø, då også lokalitetar av høg verdi, den ser samtidig ikkje ut til å ha negative konsekvensar for miljø, natur og landskap.

Beredskap og samfunnstryggleik:

Endringa er vurdert til å ikkje påverke tryggleiken for området.

Referansar:

Gjeldande reguleringsplan: [arealplaner.no | 201406 > Plandokumenter](https://arealplaner.no/201406/Plandokumenter)

Vedlegg til saka:

- 01 Plankart - PlanID 2021406-e6 - På grunnen
- 02 Plankart - PlanID 201406-e6 - Under grunnen
- 03 Notat/Følgjebrev - Søknad om mindre reguleringsendring - PlanID 201406-e6
- 04 Uttale - Statsforvaltaren i Vestland
- 05 Uttale - NVE

